

Steinindustri frå oldtida i Oppdal

Av ODDMUNN FARBREGD

Naturleg
bergoverflate

Gryteemne

Uttaksområde

Avfallshaug

Sjakk

Etter første verdskrigen har steinindustrien hatt stor betydning for næringslivet i Oppdal. No viser det seg etter kvart at bygda også for tusen år sia hadde omfattande drift i steinbrott. Men den gongen gjaldt det ikkje skifer, men kleberstein.

Trass i den arkeologiske innsatsen med å registrere og kartlegge, skjer det stadig vekk at store og viktige fornminne er ukjent fram til våre dagar. Det fine kleberbrottet ved Tilset nedafor Lønset er eit døme på det. Folk lokalt har kjent til staden, men ikkje den kulturhistoriske betydninga. Først høsten 1980 var det arkeolog på staden.

I bygda vest for Oppdal sentrum finst minst åtte kleberførekomstar. Frå noen av dei har ein tatt ut blokker til å bygge lysomnar (peisar) av dei siste par hundre åra. Andre stader kan ein sjå at det var laga koppar og kar i tidlegare tider. Men ingen stad er spora etter den gamle gryteindustrien så tydelege og omfangsrike som ved Tilset.

Oppe i lia ovafor garden stikk ein rund bergnabb opp. Store parti av berget er kleber, så blaut at ein ripar med naglen. I den glattskurte overflata er det lett å sjå kor dei dreiv steinbrott. Innhogga finst fleire stader rundt foten av den ca. 50 meter vide bergknatten, og på mindre bergformasjonar like ved.

Den bratte skråninga gjer at brotta trer så tydeleg fram. Det er lett å bli kvitt skrot og avfall unna bakke. I mange andre kleberbrott har dei eldre uttaka blitt nedfylt med avfall frå seinare. Det betyr likevel ikkje at ingenting ligg skjult i Tilset-brottet. Eit par stader ser ein delvis attfylte hol eller sjakter i berget. Av slike kan det finnast fleire.

Hogginga i berget røper ein del om korleis drifta har gått for seg. Over alt er det striper og furer etter noe slags hakkereiskap. Og bortover bergveggen står det ut vorteliknande halvkuler, inntil ein halv-meter i tverrmål. Det er emne til gryter og andre kar. Dei vart grovt tilhogd medan dei enno sat på berget, med buken ut. Etter dei vart



Gryte-emne og hakketurer i bergveggen.

kutta av, visest som regel eit rundt parti der dei sto. Mange er heller ikkje tatt av. Dei står der som om arbeidarene var der i går og skal halde fram i morgon.

Slik har gryeemna truleg stått sia mellomalderen. Dei siste 600 åra har det helst vore berre meir sporadisk uttak av kleber. I mellomalderen var kleber eit mye brukt råmateriale, - til gryter, auser, tranlamper, og til vevlodd, spinnehjul og fiskesøkke. Også tidlegare - i jernalderen - var ei rekke kleberbrott i drift omkring i landet. Kleber frå Norge vart tilmed eksportert utalands.

I gravfunn frå dei store gravplassane Strand, Vang og Rise i Oppdal er det ofte klebersaker. Skriv dei seg frå førekomstane innafor bygda? Spesielle analysar av både funn og brottstader ville kunne vise slike ting.

Bergformasjonen der steinbrottet ved Tilset ligg, heiter Katlberget. Førsteleddet blir uttala tilsvarende som dei karakteristiske trønderorda **tatl** og **tatlåt**. Noe ord som liknar på **katl** finst ikkje i oppdalsmålet no lenger. På førespurnad opplyser professor Jørn Sandnes at det neppe kan vera tvil: I namnet ligg ei bøyingsform av **ketil**, fleirtal **katlar**, - på gammalnorsk gryte, kjel. Også det alderdommelege namnet skulle tilseie at «gryteberget» var i drift minst så tidleg som mellomalderen. Namnet Katlberget finst også på eit kleberbrott ved Grotli på Kvikne.

Frå gammalt av har kleberstein vore kalla «grøtstein» og «teljestein» mellom anna. Kva ein sa på oppdaling er ikkje kjent. Kan førsteleddet i **Tilset** ha noe å gjera med **teljestein**? Kleberbrottet kan godt vera like så gammalt som garden Tilset, tusen år kanskje. Kleberdrifta kunne ha vore noe av driftsgrunnlaget for garden frå først av. Men det lar seg ikkje vise, ut frå vanleg språkutvikling og lydlover, om namnet har eit slikt innhald.

Mange spørsmål omkring klebersteindrifta kan ein få svar på ved utgravingar. I skrotfyllingane kan det finnast mislykka halvfabrikata som viser kor langt ein dreiv utforminga av grytene på staden. Utslitne reiskapar kan vera bevart i avfallsmassane. Restar av tre, trekol, bein og anna organisk materiale lar seg bruke til å tidfeste aktiviteten her, ved den såkalla C 14-metoden. Om ein visste kor mange hundreår steinbrottet var i drift, kan ein begynne å førestille seg meir detaljert kor stor årsproduksjonen var og korleis drifta var organisert på denne avglømte arbeidsplassen.